

Kan leigast for 250.000 dollar i veka!**25.07.2009**

No er luksus-yachten som gjekk innover gjennom Storsund fredag identifisert:. Båten heiter Starfire, høyrer heime på Virgin Islands og kan leigast for den nette sum av 250.000 dollar i veka! Han låg natta over i Rosendal og gjekk ut att forbi Uskedalen laurdag.



Yachten i båthamna i Rosendal. (Foto: Lars L. Øyjord)

På nettet kan ein lesa at Starfire er 178 fot lang og at eit mannskap på 12 personer står til teneste for like mange passasjerar.

Båten vart bygd i Italia av Benetti i 1998 og har sidan vore gjennom to forbetringar teknisk og estetisk.

Yachten har naturlig nok det beste kommunikasjons-system som kan oppdrivast, nemlig Ku Band satellitt som betyr at ein har internett-samband over heile verda.

Båten har ei rekkjevidde på 4.700 nautiske mil.

(Foto øverst: Knut A. Myklebust)